



Tveit Gård
c/o Ørjan Tveit Sætrevikvegen 63
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykker:
Vår: 19/2171 - 19/25777

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
11.12.2019

Godkjenning av søknad om jordpåfylling GBNR 57/8 på Sætre

Administrativt vedtak. Saknr: 308/2019

Saksutgreiing:

Ørjan Tveit som eig GBNR 57/8 på Sætre har søkt om å planera ut om lag 1500 m³ av jordmassar med jord/sjøsand og litt leire. Dette er overskotsmassar frå utgraving av tomt til ny driftsbygning. Massane skal nyttast til å forbetra 4-5 daa av jordbruksarealet sørom privat fellesveg. Det er levert inn plan for arbeidet med plassering og grøftekart. Magnar Askeland, har synfart areala og laga enkel plan frå arbeidet. Han har lang erfaring med å handtera jordmassar og har gitt råd om at matjorda vert gravd opp og lagt i rankar for å leggja attende på som topplag. Sand og leirmassar må planerast med fall frå gardsvegen og nedover så langt massane rekk. Arbeidet må gjera under lagele vertilhøve.



Søknaden har vore sendt på høyring til Hordaland fylkeskommunen . Dei har i sitt svar datert 26.11.19 ingen merknader til tiltaket , men påpeikar meldeplikta etter kulturminnelova.

Arkeologar ved Hordaland fylkeskommune har tidligare vore på synfaring i området då det er registrert ein rekke automatisk freda kulturminne frå bronsealder og jernalder i nærleiken (gravrøyser og gravfelt, Askeladden id. 45471, 55208, 55207, 15804 og 25514). Ut frå ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i arealet som blir påverka av tiltaka, er det ikkje naudsynt med ytterlegare markundersøkingar.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Tiltaket ikkje er strid med LNF-føremålet, då bruken av areal vil vere jordbruksproduksjon etter gjennomføring av tiltaket

Vurdering:

Det naturlege jordsvinnet som myrjord har, gjer at det over tid er vanskeleg å oppretthalde kvaliteten på dyrka mark. Areal som tidlegare har vore lette å driva maskinelt vert kupert og ulendt. I tillegg kan areal bli vassjukt som følgje av at dreneringa vert dårligare når jordsmonnet blir tynnare, og utløp for grøftene vert for høge. Dette gir utfordringar med å nytta areal rasjonelt og det er difor positivt å nytta overskotsmassar til å forbetra jordbruksarealet.

Planen som er lagt ved søknaden gjev god rettleiing korleis arbeidet bør utførast. Det er viktig å gjera arbeidet under lagelege vertihøve, ha kontroll på grøftesystem frå arealet og passa på at det ikkje vert avrenning.

Søknaden har vore sendt på høyring til Hordaland Fylkeskommune, som ikkje har merknader til saka. Dei minner om at dersom det under arbeidet vert funne kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar , må arbeidet stansast og kulturminnemynde varslast, jf. Meldeplikta etter kulturminnelova §8, 2

Administrasjonen har vurdert søknaden i medhald av Naturmangfaldslova (NML) §§ 8-12, jf. § 7. Etter ein gjennomgang av artskart og naturbase meiner kommunen at ein har god nok kunnskap om naturverdiane på staden og at tiltaket ikkje kjem i konflikt med §§ -12 i naturmangfaldlova.

Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil føre til ulemper for naboar eller trafikantar i området då arbeidet berre vil skje på sokjar sitt eige areal og det er heller ikkje naudsynt å nytta offentleg veg for å frakta massane.

Etter ei samla vurdering meiner administrasjonen at dette er eit fornuftig og viktig tiltak for å betra produksjonsgrunnlaget på garden , men at det er viktig at ein passar på at arbeidet ikkje medfører avrenning til bekkar og sjø.

Vedtak

"Meland kommune gjev løyve til jordpåfylling og planering på gnr. 57, bnr. 8 på Sætre i Meland kommune. Løyvet gjeld berre for omsøkt areal på om lag 5 daa avmerka på kart, og tiltaket skal gjennomførast innan 01.09.2021.

Løyvet er gjeve på slike vilkår:

- Ørjan Tveit står sjølv ansvarleg for at arbeidet blir utført innanfor dei rammer som lovverket sett.
 - Det må berre køyrast på reine jord- og steinmassar frå oppgraving av tomt til driftsbygning.
 - Arbeid med køyring og planering skal berre skje innanfor normal arbeidstid.
 - Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med Tekninske retningslinjer for anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfelt fastsatt av Landbruksdepartementet.
 - Tiltaket skal sikrast mot avrenning.
 - I nedbørrike periodar må det ikkje tippast massar eller flyttast massar inne på området.
 - Området skal såast til så snart det er teknisk mogeleg, og haldast grønt underveis i arbeidet.
 - Under arbeidet må ein vera merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune, kulturavdelinga, jf. Lov om kulturminner § 8, 2 ledd.
 - Meland kommune kan påleggje stans eller andre nødvendige tiltak for å hindre avrenning.
 - Meland kommune skal ha skriftleg beskjed når arbeidet er avslutta.
- Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensning kapittel 4. Anlegg, drift og vedlikehald av planeringsfel §§ 4-4, 4-5, 4-6 og 4-8."

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbruksjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Tveit Gård

c/o Ørjan Tveit
Sætrevikvegen 63

ROSSLAND